



Arve Terje Daae  
Sleirsvegen 323  
5986 Hosteland

Unnateke off.  
§ 26 5. ledd

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/701 - 23/7040

Saksbehandlar:  
Jan Kvingedal  
jan.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:  
17.08.2023

## Melding om delegert vedtak - Søknad om oppretting av grunneigedom ved innløyning av festetomt - gbnr 7/1/2

Me syner til søknad motteken 17.07.23

**Administrativt vedtak. Saknr: 078/2023**

### VEDTAK:

**Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m) løyve til oppretting av ny grunneigedom til fritidsføremål frå gbnr 7/1. Søknaden gjeld innløyning av festenummer 2, med eit areal inntil 2 dekar.**

**Grunngjeving: Arealet vert innløynt etter reglane i tomtfestelova § 32. Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering jf. §21-9.**

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

### Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.1	Oppretting ny eigedom	1	2.600,-
	Totalt gebyr å betala		2.600,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

### Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om innløyising av bebygd festetomt på gbnr. 7/1 festenstr. 2 på Frøyset.

#### Fakta

Det vart i 1970 oppretta festavtale for hyttetomt på gbnr. 7/1. Denne er no søkt innløyyst. Det er søkt om frådeling av inntil 2 mål. Eigedommen er ikkje oppmålt tidlegare. Det er lagt ved skisse til søknaden, som viser kva areal som er planlagt innløyyst. Det er i festekontrakten gjeve løyve til framføring av veg, denne retten er vidareført i kjøpekontrakta.

#### Vurdering

Ein vurderer at festekontrakten er lovleg oppretta og at ein då etter tomtefestelova § 32 kan innløysa denne.

Tiltaket er lovleg nabovarsla.

#### Konklusjon

Det vert gjeve løyve til innløyising jf. vedtaket.

Med helsing

Roald Kvingedal  
teknisk sjef

Jan Kvingedal  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

#### Mottakarar:

Arve Terje Daae

Sleirsvegen 323 5986

Hosteland